# Prioritering av søknader 2023

## Generelle prioriteringar og sikring av fagleg bredde

Alle kvalifiserte søknadar får tildelt ein poengsum mellom 0 og 105 basert på tabellen nedanfor.

Ettersom dette framleis er ei prøveordning med begrensa midlar, vil HK-dir kunne prioritere søknadar på bakgrunn av innhaldet i søknaden og for å sikre geografisk og fagleg spreiing. Prøveordninga har som mål å gi erfaringar med å:

- organisere og gjennomføre den kombinerte opplæringa på ulike måtar
- involvere ulike tilbydarar
- gi fagopplæring kombinert med grunnleggande ferdigheiter innanfor ulike fagområde
- få i gang prosjekt innanfor ulike fag og i ulike deler av landet

Utgangspunktet for prioritering vil vere ei rangering av søknadane etter poengsum, frå høgast til lågast. Måla med prøveordninga vil likevel kunne overstyre poengfordelinga, og vil ved oversøking bli tillagt vekt i prioritering av søknadane.

**Poeng** **Totalt 105 moglege poeng**

| **Tilbydar sin kompetanse** | | **Totalt 22 moglege poeng** |
|---|---|---|
| 1. Søkar pliktar å sjå til at at kurshaldar har gjennomført minst 250 undervisningstimar med Kompetansepluss-prosjekter/opplæring av vaksne i grunnleggande ferdigheiter. | Ja | 5 |

| | | |
|---|---|---|
| **Note 1)** | Nei | 0 |
| 2. Tilbydar i opplæringstiltaket er godkjent Kompetansepluss tilbydar hos HK-dir ved utgangen av søknadsfrist. | Ja | 2 |
| | Nei | 0 |
| 3. Søkar forplikter seg til å sjå til at kurshaldar har fullført **Nettkurs for kurshaldarar i Kompetansepluss-programmet** utvikla av HK-dir. | Ja | 5 |
| | Nei | 0 |
| 4. Søkar forplikter seg til at kurshaldar(ane) har minst ein av følgande kompetansar: | Ja, kurshaldar(-ane) har fleire enn to av dei | 10 |

| | | |
|---|---|---|
| a) 30 stp i å undervise vaksne i grunnleggande ferdigheiter<br>b) 30 stp i vaksenpedagogikk<br>c) 30 stp i norsk som andrespråk frå norsk universitet eller høgskole<br>d) lærerutdanning/PPU<br><br>Utdanning frå utlandet må vere godkjent av NOKUT.<br><br>**Note 2)** | nemnde utdanningane | |
| | Ja, kurshaldar(-ane) har to av dei nemnde utdanningane | 8 |
| | Ja, underviser(-e) har ei av dei nemnde utdanningane | 5 |
| | Nei, søkar forplikter seg ikkje til dette. | 0 |

| **Prioriterte verksemder** | | **Totalt 20 moglege poeng** |
|---|---|---|
| 5. Opplæringsmottakar(ane) i søknaden er små og mellomstore verksemder. | Ja, alle opplæringsmottakarar i søknaden har 20 eller færre tilsette. | 20 |
| | Ja, alle opplæringsmottakarar i søknaden har 50 eller færre tilsette. | 15 |
| | Ja, nokre opplæringsmottakarar i søknaden har 50 eller færre tilsette. | 10 |

| | | |
|---|---|---|
| | Nei. Alle opplæringsmottaker(ane) i søknaden har fleire enn 50 tilsette. | 0 |
| **Prioriterte målgruppe** | | **Totalt 45 moglege poeng** |
| | Ja, alle deltakarane i søknaden er i prioritert målgruppe. | 15 |
| 6. Deltakarane har lav formell utdanning, det vil seie ingen høgare bestått utdanning enn grunnskole.<br>Deltakerar med yrkesfagleg utdanning (vidaregåande opplæringsnivå) frå utlandet, som ikkje er godkjent i Noreg, er deltakarar utan høgare bestått utdanning enn grunnskole. | Ja, halvparten eller fleire av deltakarane er i prioritert målgruppe | 10 |
| | Ja, mindre enn halvparten av deltakarane er i prioritert målgruppe. | 5 |
| | Nei, ingen av deltakarane er i prioritert målgruppe. | 0 |
| 7. Deltakarane har fleire år relevant praksis i faget (og er derfor nære å kunne ta fagbrev som praksiskandidater). | Ja, alle deltakarane i søknaden har minst 4 års praksis. | 30 |
| | Ja, halvparten eller meir av deltakarane i søknaden har minst 4 års praksis eller alle deltakarane i | 20 |

| | | |
|---|---|---|
| | søknaden har minst 2 års praksis. | |
| | Ja, halvparten eller meir av deltakarane i søknaden har minst 2 års praksis | 10 |
| | Ja, nokre av deltakarane i søknaden har minst 2 års praksis. | 5 |
| | Nei, ingen av deltakarane i søknaden har 2 års praksis eller meir. | 0 |
| **Opplæring** | | **Totalt 18 moglege poeng** |
| 8. Opplæringa skal ta i bruk ressursar og arbeidsformer som er spesielt tilpassa opplæring i Kompetansepluss.<br><br>**Note 3)** | Ja, forpliktinga gjeld for halvparten eller meir av kurstimane i søknaden. | 5 |
| | Ja, forpliktinga gjelder for under halvparten av kurstimene i søknaden. | 3 |
| | Nei, søkar forpliktar seg ikkje til dette. | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| 9. Søkar forpliktar seg til å tilrettelegge opplæringa slik at ho er knytta til deltakarane sine oppgaver på arbeidsplassen.<br><br>**Note 4)** | Ja | 5 |
| | Nei | 0 |
| 10. Opplæringa skal føregå i deltakarane si arbeidstid, det vil seie at deltakarane mottar lønn i opplæringstida/ kurstimane.<br><br>**Note 5)** | Ja, alle kurstimane foregår i arbeidstida | 8 |
| | Ja, halvparten eller meir av kurstimane foregår i arbeidstida. | 6 |
| | Ja, under halvparten og meir enn 10 prosent av kurstimane føregår i arbeidstida. | 4 |
| | Nei. 10 prosent eller mindre av kurstimane føregår i arbeidstida. | 0 |

# Om prioriteringspoeng og dokumentasjon

Dersom søkar og samarbeidspartar kryssar av på noko som gir prioriteringspoeng, forpliktar dei seg samtidig til å kunne dokumentere grunnlaget. Kriteria må vere oppfylte gjennom heile prosjektperioden og kunne leggast fram ved sluttrapportering eller ved tilsyn i etterkant. Type dokumentasjon avheng av kva ein skal dokumentere og kan til dømes vere opplæringsplan, kurshaldar sine vitnemål eller timelister. Manglande dokumentasjon kan føre til at prosjektet mistar heile eller delar av tilskotet jf. Retningslinjene til Kompetansepluss arbeid pkt. 9.

**Note 1)** Timar med praksis må kunne dokumenterast med arbeidskontraktar, attester eller lignende.

**Note 2)** Forpliktinga gjeld kompetansen til kurshaldar(ane) som gir opplæring i grunnleggande ferdigheiter eller norsk som andrespråk. Krava a)–c) omfattar desse utdanningane.
a) « **Undervisning av vaksne i grunnleggende ferdigheter ved Høgskolen Innlandet** » er eit tilbod som starta i 2020. «Voksenpedagogikk/lese- og skriveopplæring for vaksne» frå UIS og «Videreutdanning i voksenpedagogikk og IKT-didaktikk» ved USN/tidl. høgskolen i Sørøst-Norge blir og godkjente, men ikkje tilbodne lenger.
b) Døme: vaksne si læring og læringskultur ved OsloMet
c) **vidareutdanning som egnar seg for lærarar som gjev opplæring i norske for vaksne innvandrarar**.

**Note 3)** Ressursar og arbeidsformer som er spesielt tilpassa opplæring i Kompetansepluss finn ein på kompetansenorge.no, til dømes **profilar for grunnleggande ferdigheiter**, kartleggingar og e-læringar som **lesetesten**, **regnetesten**, **digitaltesten**, **Bedre i regning**, **Bedre på lesing og skriving**. For opplæring i grunnleggande digitale ferdigheiter ligg det mange ressursar på digidel.no.

**Her finn du døme på arbeidsformer i arbeidsretta opplæring**.

**Note 4)** Tilrettelegging knytt til deltakarane sine arbeidsoppgåver inneber at kurshaldar kartlegg deltakarane sine arbeidsoppgåver hos opplæringsmottakar, anten gjennom besøk på arbeidsplassen eller ved at opplæringsmottakar beskriv dei for kurshaldar. Resultatet av denne kartlegginga må kunne dokumenterast.

Publisert: 06.02.2023
Oppdatert: 14.02.2023

Skriv ut

Interessant? Del med flere!